



## VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 18.10.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef, PS 193/16, PS 195/16, OS 143/16
Berit Lyngstad	Personalsjef, OS 154/16
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 153/16
Pål Are Vadstein	Prosjektleiar teknisk sektor, OS 153/16
Tor Vegard Søvik	Ingeniør eigedomsavdelinga, PS 185/16 og OS 142/16



## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 183/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 184/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 193/16	<b>Rentesikring av låneporteføljen</b>
OS 142/16	<b>Renovasjonsordning for kommunale utleigebygger</b>
PS 185/16	<b>Midlertidige bustadar Engesetvegen 28, fjerning, reetablering og tilordning av tomt</b>
PS 186/16	<b>Gbr 30/402, 406 - oppføring av einebustad - Bøen 4 - dispensasjon frå plankrav</b>
PS 187/16	<b>Oppretting av fellesnemnd Hornindal-Volda</b>
PS 188/16	<b>Avtale om kjøp av grunn til friområde – Andaneset</b>
PS 189/16	<b>Utviding av arbeidsgruppe kultur- og kinosal - oppnemning av representantar</b>
PS 190/16	<b>Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2016</b>
PS 191/16	<b>Orienteringssaker</b>
OS 153/16	<b>Botnavegen</b>
OS 154/16	<b>Lønsforhandling 2016</b>
PS 194/16	<b>ROP-bustader - oppstart av bygging</b>
PS 195/16	<b>Månadsrapport september 2016</b>
OS 143/16	<b>Årsbudsjett 2017</b>
OS 144/16	<b>Kutt av Globalskolen i framlegg til statsbudsjett</b>
OS 145/16	<b>HVO Mediebygg - Initieringsfase. Oppstartmøte brukar og kommunen</b>
OS 146/16	<b>Lånekassen sitt regionkontor i Ørsta - Utfyllande arbeidsmarknadsinformasjon - brev frå Sunnmøre</b>



# VOLDA KOMMUNE

**regionråd til Kunnskapsdepartementet**

- OS 147/16      **Svar på søknad om støtte til etablering av Volda Ørsta Brettspillklubb**
- OS 148/16      **Varsel om oppstart av regional kraftsystemutredning for Møre og Romsdal**
- OS 149/16      **Rv15 og E6 kobler Vestlandet og Austlandet saman**
- OS 150/16      **Einslege mindreårige flyktningar - informasjonsbrev til busetjingskommunane om redusert behov i 2016 og 2017**
- OS 151/16      **Kulturminneloven §§ 9 og 10 og planlegging etter plan- og bygningsloven - ansvar for kostnader til arkeologiske undersøkelser - endring av praksis**
- OS 152/16      **Menn i Helse**
- OS 155/16      **Møre og Romsdal fylkeskommune - Overdraging av eigedom gbr. 19/283**
- OS 156/16      **Utval for utgreiing av ny struktur for domstolane**
- OS 157/16      **Bustadsosial handlingsplan**
- OS 158/16      **Landbrukskontoret rutinar for saksutgreiing**
- PS 192/16      **Referatsaker**
- RS 1/16          **Referat frå samarbeidsmøte med barnevernsleiar 30.09.16**
- RS 2/16          **Høring - utkast til forskrift om unntak fra klagerett etter § 28 i forvaltningslova for vedtak i oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal**

**PS 183/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Handsaming:**

Det var sju møtande ved møtestart.

**Innkalling**

Ettersendt dokument mandag 17.10.2016:

- ROP-bustader – Oppstart av bygging



## VOLDA KOMMUNE

Dokument delt ut i møtet:

- Månadsrapport september 2016
- Rentesikring av låneporteføljen

### Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om at følgjande saker vert sett på saklista:

- ROP-bustader – Oppstart av bygging
- Månadsrapport september 2016
- Rentesikring av låneporteføljen
- Møre og Romsdal fylkeskommune – overføring av eigedom

Odd A. Folkestad møtte kl. 12.05.

Rådmannen bad om at følgjande saker vert sett på saklista:

- Bustadsosial handlingsplan
- Lønspolitikk, unntake offentlegheit, jf. kl. § 31, nr.5 og offl. § 23, 1. ledd.
- Botnavegen
- Utval for utgreiing av ny struktur for domstolane

Odd Harald Sundal bad om at rutinar i saksgang for landbrukskontoret vert sett på saklista.

Anders Straume møtte kl. 12:10. Det var ni røysteføre i framhald av møtet.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren, rådmannen og Odd Harald Sundal, vart samrøystes godkjent.

### **PS 184/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte, 04.10.2016, vart samrøystes godkjent.

### **PS 193/16 Rentesikring av låneporteføljen**

### **Administrasjonen si tilråding:**



## VOLDA KOMMUNE

1. *Det vert inngått fastrente på 320 mill kr av låneporteføljen Volda kommune har i Kommunalbanken.*
2. *Perioden for rentebinding vert 7 år fra 21 desember 2016.*
3. *Det er ein føresetnad at effektiv rente ikkje skal overstige 2,30%.*

### **Handsaming:**

Saka vart delt ut i møtet.

Økonomisjef, Henrik Skovly, og rådmannen orienterte om saka.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett til vurdering 1. desember.*

Røysting utsetjingsframlegget:

Utsetjingsframlegget fekk tre røyster (Odd A. Folkestad, Anders Straume og Dan Bjørneset) og fall, seks røysta imot.

### **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 18.10.2016:**

1. *Det vert inngått fastrente på 320 mill kr av låneporteføljen Volda kommune har i Kommunalbanken.*
2. *Perioden for rentebinding vert 7 år fra 21 desember 2016.*
3. *Det er ein føresetnad at effektiv rente ikkje skal overstige 2,30%.*

### **OS 142/16 Renovasjonsordning for kommunale utleigbygg**

### **Handsaming:**

Det vart halde synfaring. Orienteringa vart utsett til neste møte.



## VOLDA KOMMUNE

### PS 185/16 Midlertidige bustadar Engesetvegen 28, fjerning, reetablering og tilordning av tomt

#### Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-establering på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen.*
2. *Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000. Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.*

#### Handsaming:

Det vart halde synfaring.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

*Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, og formannskapet ber såleis rådmannen om å legge fram ei sak der dette blir fagleg vurdert.*

Jørgen Amdam reiste spørsmål om habilitet, han er nabo til området, jf fvl. § 6, 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

#### Røysting habilitet:

Jørgen Amdam vart samrøystes kjent habil.

Jørgen Amdam tok sete.

#### Røysting utsetjingsframlegget fra Odd A. Folkestad:

Utsetjingsframlegget fra Odd A. Folkestad fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Anders Straume) og fall, sju røysta imot.

#### **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Anders Straume).

#### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-establering på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen.*



## VOLDA KOMMUNE

**2. Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.**

**Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.**

### **PS 186/16 Gbr 30/402, 406 - oppføring av einebustad - Bøen 4 - dispensasjon frå plankrav**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune har no starta revisjon av kommuneplanen sin arealdel.*

*Vidare utbygging og utvikling av infrastruktur for dette området bør avklarast gjennom denne prosessen, og eventuell etterfylgjande reguleringsplan før vidare utbygging.*

*Formannskapet finn såleis ikkje å kunne gje dispensasjon frå gjeldande plankrav for deling eller oppføring av bustad på del av gnr 30 bnr 406 og 402 slik søkt om.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 18.10.2016:**

*Volda kommune har no starta revisjon av kommuneplanen sin arealdel.*

*Vidare utbygging og utvikling av infrastruktur for dette området bør avklarast gjennom denne prosessen, og eventuell etterfylgjande reguleringsplan før vidare utbygging.*

*Formannskapet finn såleis ikkje å kunne gje dispensasjon frå gjeldande plankrav for deling eller oppføring av bustad på del av gnr 30 bnr 406 og 402 slik søkt om.*

### **PS 187/16 Oppretting av fellesnemnd Hornindal-Volda**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

**1. Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.**

**2. Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:**



# VOLDA KOMMUNE

- *Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.*
- *Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.*
- *Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.*
- *Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) fra kommunane*

3. *Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.*

4. *Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: .....*

5. *Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.*

6. *Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.*

7. *Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.*

8. *Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.*

## **Handsaming:**

Ordføraren kom med slik tilføying i punkt 4:

*I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.*

## **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen, med tilføying frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.*

2. *Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:*

- *Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.*



## VOLDA KOMMUNE

- *Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.*
- *Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.*
- *Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane*

**3. Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.**

**4. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.**

**5. Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.**

**6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.**

**7. Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.**

**8. Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.**

### PS 188/16 Avtale om kjøp av grunn til friområde - Andaneset

#### Administrasjonen si tilråding:

*Volda kommunestyre godkjenner avtalen mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 til denne saka.*

*Volda kommune sin del av sikringskostnadene inntil kr. 90.000,- vert å dekke ved ubunde investeringsfond.*

#### Handsaming:

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er nabo til området, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Gunnar Strøm tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

#### Røysting habilitet:

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent habil.



## VOLDA KOMMUNE

Gunnar Strøm tok sete.

### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:

*Volda kommunestyre godkjenner avtalen mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 til denne saka.*

*Volda kommune sin del av sikringskostnadene inntil kr. 90.000,- vert å dekke ved ubunde investeringsfond.*

### PS 189/16 Utviding av arbeidsgruppe kultur- og kinosal - oppnemning av representantar

#### Administrasjonen si tilråding:

*Følgjande representantar ev representasjon frå følgjande grupper vert spurt om å delta i arbeidsgruppa som skal avklare kommunen sitt behov i fleirbruksalen i Mediehus under planlegging.*

#### Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg til tilleggsrepresentantar:

*Magnar Åm, Martin Brenne og Kari Hasle.*

### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i formannskapet - 18.10.2016:

*Følgjande representantar ev representasjon frå følgjande grupper vert spurt om å delta i arbeidsgruppa som skal avklare kommunen sitt behov i fleirbruksalen i Mediehus under planlegging: Magnar Åm, Martin Brenne og Kari Hasle.*

### PS 190/16 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2016

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt utsetjingsframlegg:

*Saka vert utsett. Formannskapet ber om eit forslag/sak om korleis ein kan revidere og oppdatere lista over oppfølging av politiske vedtak før saka går til kommunestyret.*

Gunnar Strøm trekte framlegget sitt.

### **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

### **PS 191/16 Orienteringssaker**

### **OS 153/16 Botnavegen**

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet. Bestemora hans er grunneigar langs Botnavegen, jf. fvl. § 6, 1. ledd, b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

#### Røysting habilitet:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Teknisk sjef Rune Totland og prosjektleiari Pål Vadstein orienterte om status kring opprusting av Botnavegen. Kostnaden på vegen er høgare enn budsjettet. Teknisk sjef kom med forslag til mogleg kostnadskutt. Formannskapet drøfta saka, og var samde om at ein prosjekterar vegen slik som er planlagt fram til og med bura over Storelva og at det vert bedd om opsjon på den resterande veglengda frå Storelva til Botnasanden.

Odd Harald Sundal tok sete.

### **OS 154/16 Lønsforhandling 2016**

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jf. kl. § 31, nr. 5 og offl. § 23, 1. ledd.



## VOLDA KOMMUNE

Personalsjef Berit Lyngstad orienterte om prosessen kring årets lønsforhandling for kap. 5 og 3.

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast.

### **PS 194/16 ROP-bustader - oppstart av bygging**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og godkjenner at det vert skrive kontrakt for å starte opp bygginga av ROP-bustader innanfor ein kostnadsramme på kr 23 mill inkl mva.*
- 2. Prosjektet ligg innanfor planlagt finansiering i budsjett og økonomiplanen 2016 - 2019 og vert følgt opp i samband med handsaminga av budsjett 2017.*

#### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt til formannskapet 17. oktober 2016.

#### **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og godkjenner at det vert skrive kontrakt for å starte opp bygginga av ROP-bustader innanfor ein kostnadsramme på kr 23 mill inkl mva.*
- 2. Prosjektet ligg innanfor planlagt finansiering i budsjett og økonomiplanen 2016 - 2019 og vert følgt opp i samband med handsaminga av budsjett 2017.*

### **PS 195/16 Månadsrapport september 2016**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Månadsrapport for september 2016 vert teken til vitende.*

#### **Handsaming:**

Saka vart utdelt i møtet. Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.



## VOLDA KOMMUNE

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i formannskapet - 18.10.2016:**

*Månadsrapport for september 2016 vert teken til vitende.*

### **OS 143/16 Årsbudsjett 2017**

Rådmannen og økonomisjefen orienterte om arbeidet kring årsbudsjett 2017.

### **OS 144/16 Kutt av Globalskolen i framlegg til statsbudsjett**

### **OS 145/16 HVO Mediebygg - Initieringsfase. Oppstartmøte brukar og kommunen**

**OS 146/16 Lånekassen sitt regionkontor i Ørsta - Utfyllande arbeidsmarknadsinformasjon - brev frå Sunnmøre regionråd til Kunnskapsdepartementet**

### **OS 147/16 Svar på søknad om støtte til etablering av Volda Ørsta Brettspillklubb**

### **OS 148/16 Varsel om oppstart av regional kraftsystemutredning for Møre og Romsdal**

### **OS 149/16 Rv15 og E6 kobler Vestlandet og Austlandet saman**

### **OS 150/16 Einslege mindreårige flyktningar - informasjonsbrev til busetjingskommunane om redusert behov i 2016 og 2017**



## VOLDA KOMMUNE

**OS 151/16 Kulturminneloven §§ 9 og 10 og planlegging etter plan- og bygningsloven - ansvar for kostnader til arkeologiske undersøkelser - endring av praksis**

### **OS 152/16 Menn i Helse**

### **OS 155/16 Møre og Romsdal fylkeskommune - Overdraging av eigedom gbr. 19/283**

Rådmannen informerte om at Møre og Romsdal fylkeskommune overdreg eigedom gbr 19/283 til Volda kommune vederlagsfritt.

### **OS 156/16 Utval for utgreiing av ny struktur for domstolane**

Rådmannen informerte om at Justis- og beredskapsdepartementet skal oppnemne utval for utgreiing av ny struktur for domstolane. Rådmannen har foreslått ordførar Jørgen Amdam som medlem i utvalet.

### **OS 157/16 Bustadsosial handlingsplan**

Rådmannen orienterte om at det vert arbeidd med ny bustadsosial handlingsplan for Volda kommune, og at ein tek sikte på at planen skal politisk handsamast i byrjinga av 2017.

### **OS 158/16 Landbrukskontoret rutinar for saksutgreiing**

Odd Harald Sundal reiste spørsmål kring rutinar og sakshandsaming av konsesjonar som er utarbeidd av landbrukskontoret i Ørsta. Sundal minner om at konsesjonslova skal stimulere til busetjing på bygdene og ivareta landbruksdrifta.



## VOLDA KOMMUNE

### PS 192/16 Referatsaker

**RS 1/16 Referat frå samarbeidsmøte med barnevernsleiar 30.09.16**

**RS 2/16 Høring - utkast til forskrift om unntak fra klagerett etter § 28 i forvaltningslova  
for vedtak i oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal**

Møtet slutt kl. 16:20

Rett utskrift  
Volda kommune, servicekontoret  
19.10.2016

Sonja Håvik  
konsulent